

## **Tabell B-fk**

### **Overgangsordninga**

Overgangsordninga sikrar at fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2024 blir fasa gradvis inn over ein periode på fire år, med ein fjerdedel kvart år. Sjå *Kommuneproposisjonen 2024* (Prop. 112 S (2022–2023)) og Grønt hefte 2024 for ei nærmere forklaring på endringane i inntektssystemet.

Overgangsordninga tek utgangspunkt i dei samla fordelingsverknadene av det nye inntektssystemet, inkludert den nye fordelinga av kompensasjonen for endringar i inntektssystemet. Ordninga er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet, får att 2/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2025. Ordninga blir finansiert gjennom eit tilsvarande trekk for fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av det nye systemet.

Etter at statsbudsjettet for 2024 vart lagt fram har det vist seg at det var ein feil i kriteriet vedlikehaldsbehov for fylkesveg og dermed òg i fordelingsverknadene i Grønt hefte 2024, jf. omtale i *Kommuneproposisjonen 2025* (Prop. 102 S (2023–2024)). Feilen hadde betydning for fordelingsverknadene av det nye inntektssystemet som tredde i kraft frå 2024, og dermed for kompensasjons- og overgangsordningane for det nye inntektssystemet. Kompensasjons- og overgangsordninga i 2025 er korrigert for denne feilen.

### **Kolonne 1 – Fordelingsverknader av nytt inntektssystem (1000 kr)**

Kolonne 1 viser fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2024, i 2024-kroner. Fordelingsverknadene tek utgangspunkt i tabell B-fk i Grønt hefte 2024 og er berekna på nytt der det er korrigert for feilen i fylkesvegkriteriet, jf. *Kommuneproposisjonen 2025* (Prop. 102 S (2023–2024)).

### **Kolonne 2 – Fordelingsverknader av nytt inntektssystem (kr per innbyggjar)**

Kolonne 2 viser fordelingsverknadene frå kolonne 1 i kroner per innbyggjar, i 2024-kroner.

### **Kolonne 3 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet 2024 (1000 kr)**

Kolonne 3 viser fordelinga av kompensasjonsordninga for endringane i inntektssystemet i 2024. Fylkeskommunar som fekk ein reduksjon i rammetilskotet på meir enn 100 kroner per innbyggjar som følgje av dei samla systemendringane, får kompensert 50 prosent av reduksjonen ut over ein nedgang på 100 kroner per innbyggjar (jf. kolonne 2). Kompensasjonen blir finansiert med ei likt beløp per innbyggjar av fylkeskommunar som får ein auke på over 10 mill. kroner som følgje av dei samla systemendringane (jf. kolonne 1). Kompensasjonen er gjeve med ei særskild

fordeling innanfor innbyggjartilskotet, jf. kolonne 10 i tabell C-flk. Kompensasjonen skal ligge fast på nominelt nivå til neste heilskaplege gjennomgang av inntektssystemet.

#### **Kolonne 4 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet 2024 (kr per innbyggjar)**

Kolonne 4 viser kompensasjonsordninga i kolonne 3 i kroner per innbyggjar.

#### **Kolonne 5 – Samla fordelingsverknader inkl. kompensasjon (1000 kr)**

Kolonne 5 viser dei samla fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet, inkludert kompensasjonsordninga. Kolonnen er berekna som summen av kolonnane 1 og 3.

#### **Kolonne 6 – Samla fordelingsverknader inkl. kompensasjon (kr per innbyggjar)**

Kolonne 6 viser dei samla fordelingsverknadene frå kolonne 5 i kroner per innbyggjar.

#### **Kolonne 7 – Overgangsordning i 2025 (1000 kr)**

Kolonne 7 viser overgangsordninga for 2025. Beløpet er 2/4 av dei samla fordelingsverknadene i kol. 5, med motsett forteikn, prisjustert til 2025-kroner. Beløpet blir også brukt i tabell 2-flk.